

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb 2025

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, onsdag 05.02.2025, frå klokka 18.00 til 19.00.

Det var totalt 13 frammøtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Kent Tryggestad

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styrets årsmelding 2024
4. Rekneskap 2024 og budsjett 2025
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort
6. Val av leiar
7. Val av styremedlemmar, varamedlemmar og komitémedlemmar
8. Eventuelt.
 1. Ny robot klipper hol 2 - 6 (Kent Tryggestad)
 2. Dugnadsarbeid (forslag frå salen)

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var lagt ut på Nordfjord GK si heimeside og Facebook side.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.

2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Joar Sæten
Protokollunderskriving:	Arild Hjelmeland og Jan Skogstad

Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest av Styreleiar.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken

4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar, Helge Haugland, presenterte rekneskapen for sesongen 2024 og budsjett for sesongen 2025.

Vedtak: Rekneskapen for 2024 og budsjettet for 2025 vart samrøystes vedteke.

5. Regulering av: kontingent, greenfee, årskort og baneandelar for 2026.

Styre har vore samde om at kontingentane skal haldast på eit lavt nivå, og har følgande framlegg: Kontingentane blir justert til følgande satsar:

- Medlemsskap senior kr. 1.300,-
- Medlemsskap junior 15 -19 år kr. 600,-
- Medlem under 15 år kr. 0,-
- Årsgreenfee medlem senior kr. 2.000,-
- Årsgreenfee medlem junior 15-19 år kr. 1.000,-
- Årsgreenfee medlem under 15 år kr. 0,-
- Dagsgreenfee senior kr. 300,-
- Dagsgreenfee junior medlem kr. 100,- (15-19 år)
- Dagsgreenfee junior ikkje medlem kr. 100,- (under 19 år)

Vedtak: Etter litt diskusjon mellom dei frammøtte blei ein enige om følgande: Kontingentar for 2026 blir som ovanfor.

6. Val av leiar

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på leiar, Kent Tryggestad

Vedtak: Kent Tryggestad vert leiar for NGK for 2025, samrøystes vedtak.

7. Val av styremedlemar, vara medlemar og komitémedlemar.

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på styremedlemmar og komitémedlemmar:

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2025

Gruppe	Verv	2025	På val
Styre	Leiar	Kent Tryggestad	2026
	Nestleiar	Jan Skogstad	2027
	Sekretær	Joar Sæten	2027
	Kasserar	Helge Haugland	2026
	Styremedlem	Tore H. Naustdal	2026
	Styremedlem	Oddbjørn Melheim	2027
	Vara	Øystein Kolseth	2027
	Grunneigar	Torill Fjørtoft	-
	Grunneigar	Stephan Ter Stege	-
HCP- kontaktperson		Jan Skogstad	2026
Banemeister		Tore Naustdal	2026
Drift- og vedlikehaldskomité	Leiar	Kurt Hammerø	2026
		Per Bøen	2027
		Finn Haugland	2026
Sportskomité/	Leiar	Oddbjørn Melheim	2027
		Frode Nord	2026
		Elias Kroken	2026
		Håvard Nygård	2027
Marknadsgruppe		Mats Andersson	2027
Skulekomité	Leiar	Thomas Storøy	2027
Valnemnd	Leiar	Jens Christian Botn	2026
		Markus Hjelmeland	2026

8. Eventuelt

8.1 Robotklipper på hol 2 – 6

Styreformann informerte om planar for å kjøpe inn robotklipper til hol nr. 2 – 6. Robotklipperen vi kjøpte i 2024 som har gått på hol 7 – 9 fungerer utmerket, med godt klipperesultat, og sparer oss samtidig for mange dugnadstimar og forbruk av diesel. Styret har derfor beslutta at vi ønsker å kjøpe ein bobotklippar til som skal gå på hol 2 – 6. Vi kan bruke sendaren som allereie er installert, men må legge frem straukabel frå dei planlagde boligane bak greenen på hol 3 til ladestasjon. Vi har søkt om midlar frå Sparebanken Vest og håper å få dekt så mykje som mogleg av investeringa.


Årsmøtet tok orienteringa til etterretning.

8.2 Dugnadsarbeid

Det ble kommentert frå salen at mykje av dugnadsarbeidet pr. i dag blir fordelt på få personar, og at dette kan bli et problem i framtida. Styret ble bedt om å jobbe for å få med fleire personar i dugnadsarbeidet. Samtidig må innkalling til dugnadar skje på et tidlegare tidspunkt slik at fleire får moglegheit til å være med. Styreformann svarte med at det blir et arbeidsmøte i alle dugnadsgruppene så snart som mogleg etter årsmøtet. I dette møtet blir det lagt planer for mange av dei komande arbeidsoppgåvene, kor ein i tillegg vil sjå på arbeidsfordeling og rutine for innkalling. Ein ekstra robotklipper vil frigi ein del kapasitet frå dei ulike klippeteama, så styret ser lyst på framtida med tanke på kapasitet i dugnadsgjengen. Styret håpar i tillegg på at dette skal løyse seg i form av at fleire melder seg på og tar ansvar for bana.

Årsmøtet tok orienteringa til etterretning.

Nordfjordeid, 5. februar 2025.



-Arild Hjelmeland -



- Jan Skogstad -